

# Møteprotokoll

**Utval:** Naustdal-Gjengedal verneområdestyre  
**Møtestad:** Telefonmøte  
**Dato:** 01.07.2014  
**Tidspunkt:** 10:30 – 11:10

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ola Tarjei Kroken	NESTL	
Håkon Myrvang	LEDER	
Iris Loftheim	MEDL	
Oddmund Klakegg	MEDL	

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jorunn Eide Kirketeig	MEDL	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 17/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 18/14	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Omgjering av eige vedtak i sak 14/14		2014/2073

**ST 17/14      Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 01.07.2014**

### **Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre godkjente innkalling og sakliste

Arkivsaksnr: 2014/2073-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 01.07.2014

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	18/14	01.07.2014

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Omgjering av eige vedtak i sak 14/14

### Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fatta i telefonmøte 04.06.14 følgjande vedtak i sak 14/14:

### Vedtak:

*Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vurderer det derfor slik at det tiltaket som Kupekraft her har søkt om, allereie har løyve i den opninga som står i verneforskrifta § 3 punkt 1.2 e) 2):*

1.2. Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

[...]

e) Regulering av følgjande vatn dersom det vert gjeve konsesjon etter vassdragsreguleringslova for kraftutbygging:

[...]

2) Stegsvatnet ved utbygging mot Årdal i Jølster. Vasstanden må liggje innanfor øvre og nedre naturlege nivå.

Miljødirektoratet har gjeve tilbakemelding til styret at dei meiner styret har tolka verneforskrifta feil og at det derfor er gjort ein rettsanvendelsesfeil. Direktoratet meiner opninga i verneforskrifta berre gjeld regulering, og at terrenginngrep i form av røyrgate innanfor landskapsvernområdet ikkje er «inkludert» i den regelen.

Direktoratet meiner og at eit eventuelt løyve til dette inngrepet må ha vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12, med særleg fokus på kvifor dette alternativet vert valt framfor dei alternativa som har ingen eller mindre terrenginngrep i landskapsvernområdet.

Miljødirektoratet meiner at vedtaket til verneområdestyret bygger på ein rettsanvendelsesfeil, og derfor må sjåast på som ugyldig. Direktoratet ber styret om å gjere om vedtaket.

**Verneområdeforvaltar sitt framlegg til vedtak:**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre opphevar vedtaket sitt i sak 14/14 om dispensasjon til røyrgate til Stegsvatnet. Opphevinga av vedtaket er heimla i forvaltningslova § 35 c), då det opphævelege vedtaket må sjåast på som ugyldig.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre utset saka om røyrgata til etter fellesferien, då styret vil ha ei grundig orientering kring dei ulike alternativa i Kupekraftprosjektet før dei fattar nytt vedtak.

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 01.07.2014****Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fatta vedtak i tråd med framlegget frå forvaltar.